



SVERRE SKJÆVELAND

Et jærsk industrieventyr

Tegle og Sønner, Maskinfabrikk

Far og to søner starta i 1940 med å laga skobespararar i rustfritt stål. Den avanserte stansemaskinen dei nytta konstruerte dei sjølve. I dei fyrste åra under verdskrigen, bygde dei om fleire bilar, og då det til framdrift skorta på bensin, monterte dei vedgassgeneratorar på bilane. Handreiskap av ymse slag for landbruket, vart det òg tid til. Dei fekk patent på ei potetgreip med ein avstiving på tvers av tindane yttarst ute. Like eins fekk dei patent på ein jordpottmaskin tilpassa gartneria. I 1942 kom det førespurnad om å levera ei sirkelsag. Stansemaskinen for skobespararar var vellukka, og gav dei lyst til å prøva seg på andre maskinkonstruksjonar. Sirkelsaga vart levert, og omtrent samtidig den fyrste avrettarhøvelen. Etter ei kort stund enda det opp med fleire nye maskinar.

Dette er opptakten til den historia Sverre Skjæveland fortel oss. Frå 1959 til 1977 nytta han fleire timar i veka til eksportarbeid for Tegle & Sønner, Maskinfabrikk, utanom å vera engasjert på maskinmessene. Bedrifta kjende han som møbelsnikkar, frå tida han sjølv arbeidde i Industridepartementet og også som kunde.

Kven var dei tri som starta?

Andreas Tegle d.e. var fyrst bygningssnikkar og kom seinare over i mekanisk industri, og då i bygging av maskinar til sildoljeindustrien. Eldste sonen Andreas d.y. hadde merkantil bakgrunn. Nesteldste sonen Ommund kom frå fleire år i mekanisk industri. Då dei skulle setja namn på verksemda, var det naturleg at namnet vart **TEGLE & SØNNER, MASKIN-FABRIKK**.

I Norge hadde det tidlegare ikkje vore laga maskinar til møbel- og trevareindustrien. Plater og ram-

mer i maskinar frå utlandet var sett i hop av støypte komponentar. Den nystarta verksemda hadde ikkje støyperi, men eigarane meinte at sjølv store arbeidsbord til sag- og høvelmaskinar kunne sveisast saman av stålplater. Dette var noko nytt. Dei som i årevis hadde importert maskinar var skeptiske. Men dei gav seg snart, og måtte innrømme at den nye konstruksjonsmåten var fullgod. Dette var under verdskrigen, og dei måtte bruka stålplater frå skipsvrak. Før hadde dei henta tannhjul frå gamle bilar.

Tegle & Sønner kunne sjølv sagt ikkje byggja maskinar utan å skaffa seg utstyr for mekanisk produksjon. Då maskinseljarane dei kom i kontakt med vart klår over, at dei hadde ein kunde føre seg som kunne levera maskinar til møbel- og trevareindustrien,

*Frå venstre: Ommund Tegle f. 1921, faren Andreas Tegle d.e., og Sigbjørn Jensen fotografert i fabrikk.
Foto: Odd Lavold.*

var dei straks frampå som dei fyrste kjøparane. Ser ein vekk frå nokre få maskinar levert av Møre Maskin-fabrikk på Volda, var jærbedrifta Tegle & Sønner, Maskinfabrikk, den einaste norske produsenten av maskinar til trevarebransjen.

Då ingen under verdskrigen 1940–45 kunne im-portera maskinar, hadde Bryne-bedrifta marknaden for seg sjølv. I dei fyrste 10 åra etter krigen var det framleis strenge importrestriksjonar. Søknader om importløyve gjekk til Norges Bank, og vart handsama av Industridepartementet. Kom det ynskje om import av maskinar som ein kunne få kjøpt innanlands, altså Tegle-maskinar, gav ein ikkje løyve (valuta) til import. Langt på veg kan ein derfor seia at Tegle & Sønner hadde ein tilnærma monopolstilling.

I åra etter verdskrigen var behovet for møblar stort. Mange nye møbelfabrikkar kom i gang. Kor fekk dei maskinane frå? Sjølv sagt frå Tegle & Sønner som no leverte fleire typar høvlar, ulike sirkelsager, band-sager, fresemaskinar, finerpressar, karmsinkarar, be-slagsfresemaskinar, borstemmaskinar o.a. Det einaste utstyret som vanta var pussemaskin.

Det er ingen tvil om at maskinane frå Tegle & Søn-ner, var avgjerande for at ei rekkje møbelfabrikkar vart starta. Det same med fabrikkar som laga dører og vindaug. Ein kan undra seg over at ei verksemd med ein arbeidsstokk på 40–50 personar, kunne produsera og selja nærpå like mange maskintypar. Og endå var det snakk om serieproduksjon.

Som nemnd var Tegle & Sønner så godt som åleine om heimemarknaden i dei fyrste 15 driftsåra. Dess-utan fekk dei etter 11–12 år også sal til dei andre nor-diske landa. Hadde dei berre levert to-tre maskintypar, ville ingen nye møbel- og trevarefabrikkar ha vorte



Andreas Tegle d.y. i prat med Arne Bryne.

etablert i Norge. Men breidda av maskintypar skapte nye og fleire kundar og bedrifter.

Då Rogaland i byrjinga av 50-åra var eit av dei fylka i landet som produserte mest møblar, skal Tegle & Sønner ha ein stor del av æra for det.

Tekniske nyvinningar

Det må ikkje gløymast at firmaet konstruerte fleire nye maskinar som dei var åleine i verda om. Eit døme er karmsinkemaskinen for sinking (samanbinding) av hjørnene i dørkarmar og rammer for vindaug.

Eit anna døme er fresemaskinen til uttak for hengs-ler og låsar i dører. Valsekløyvsaga med konisk sag-

blad var og noko heilt nytt. Plankane ein skar av vende automatisk tilbake til operatøren i det tempo som høvde for ny skur. Det koniske sagbladet «stal» berre 2 mm skurbreidd (spon) i staden for ca. 6 mm. Skulle ein kløyva tynne bord, fekk ein langt fleire emne att når ein nytta valsekløyvsaga frå Tegle & Sønner, Maskinfabrikk.

Brukarane trong skjerande verktøy til eit par av maskinane. Tegle & Sønner satsa derfor på ein eigen avdeling for tilverking av fresestål. Freseståla, såkalla S-stål, kunne brukast åleine, eller fleire av ståla var festa på hylser.

Før Tegle & Sønner byrja å laga S-stål med ein fast kvass kutter i kvar ende, var dei lause arbeidsståla til fresemaskinane festa til spindelen med klembakkar (braketar). Skrudde ein ikkje klembakkane skikkeleg fast, kunne ståla løysa seg i stor fart og råka kroppen til den som nytta maskinen. Det var livstruande. Slikt skjedde ikkje med dei nye freseståla frå Tegle & Sønner.


Maskinar til eksport

I dei fyrste 20 åra var salet i Norge, og seinare i gran-nelanda Sverige, Danmark og Finland, avgjerande for drifta.

Kontakten med grannelanda var ikkje minst eit resul-tat av Tegle & Sønner si deltaking på maskinmesser i Oslo.

Det meste av den nordiske marknaden var delt mellom desse 9 maskinforretningane:

Falkenberg Eftf. AS, Oslo
Dam Maskinforretning AS, Bergen
Bergsli AS, Skien



Fabrikken ligg på Rosseland i Time.



Interiør frå fabrikk.

F. L. Bie AS, København
Carl F. Petersen, København
Jon Stenberg AB, Lindås, Blekinge
Stenberg Maskinbureau AB, Nässjö

Machinery OY, Helsinki
Sateko OY, Lahti

Då importrestriksjonane fall vekk, møtte jærbuane aukande konkurranse frå sør- og mellomeuropeiske produsentar.



Arbeidstokken hos Tegle og Sønner i 1954.

På same tida skrumpa innanlandsmarknaden, som var størst, inn. Bygningsindustrien fekk ein sterk vekst, og oljeindustrien gjorde sitt inntog. Møbelindustrien kunne ikkje fylgja med i lønsauken, og mange fabrikkar måtte stengja dørene. Likevel var det ikkje tale om å mista motet. Ein måtte lenger enn til Norden for å finna nye kundar.







Den største industrimessa i verda er Hannover-messa i Tyskland. I mai 1960 hadde Tegle & Sønner for fyrste gong ein stor stand på Hannovermessa. Heile 8 gonger seinare var firmaet med i Hannover, og hadde mykje att for innsats og strev.

Då norske møbel- og trevareprodusentar vitja messa, kvilte dei seg på standen, og fekk ofte hjelp med språk og slikt. Kvar gong maskinane vart demon-





strerte med motorane i gang, kom det kjøparar frå heile verda for å sjå på og spørja seg føre. Eksporten auka år for år, og det vart seld 15–16 maskintypar til 57 land og statar i alle verdsdelar. Kring 60–65 % av produksjonen gjekk i fleire år til eksport.

Hannovermessa gjorde sitt til at salet til dei andre nordiske landa også auka, ikkje minst til Danmark. Tegle & Sønner deltok derfor på messer både i København og i Fredericia. Ein skal hugsa at dansk møbelindustri er mykje større enn norsk møbelindustri.

Dei nye utanlandske kundane, var i fyrste omgang interessert i kjøp av ein eller to maskinar. Men dei kom gjerne att. Valsekløyvsaga gjekk det mange av. Eksportørane av frukt, mellom anna appelsinar, fann




Arbeidstokken var ikkje så stor då dette biletet blei teke i 1944. Montasjen rundt viser eit utval av dei mange maskinane fabrikkens produserte på 1950-talet og utover.



ut at dei fekk billigare transportkassar for frukta si, når dei av plankane skar tynne bord med ei sag som hadde returbelte og konisk blad.

Eit par gonger kom det ordrar på fleire maskinar under eitt. Det var til nye fabrikkar. Ein deputasjon frå Afrika, frå hovudstaden Accra i Ghana, vitja Hannovermessa i 1965, og ville ha maskinar til ein påtenkt ny fabrikk. Føresetnaden var at to av deira folk fekk opplæring i Norge før maskinane vart skipa. Og slik vart det. Dei to ghanesarane budde på Bryne. Hjø Tegle & Sønner fekk dei fyrst lært maskinane å kjen-na. På Klepp stasjon lærte dei korleis dører og vind-auge vart produserte. I Ganddal fekk dei kunnskap om møbelproduksjon. Det var dyktige karar som nytta tida godt. Den eine, Noah Osai, hadde i fleire år brev-kontakt med ein ven i Ganddal. Ein utvekslings-student frå Accra var på Bryne i fjor. Han kunne for-telja at firmaet Ashanti Furniture Co. eksisterer i beste velgåande.

I 1968 kom det eit brev frå Guatemala i Mellom-Amerika. Det var skrive på norsk med ei skjelvande eldre hand. Avsendaren som heitte Per Laugerud, skreiv at han tok kontakt på vegne av sonen. Sjølv var han kome i land der som sjømann og vorte gift med ei jente av indiansk/spanjolsk opphav. Ein ven av sonen hadde vore på Hannovermessa, og fått med seg brosjyrar heim. Sonen som elles gjorde det skarpt, vil-le no kjøpa 5–6 maskinar til ein trevarefabrikk. Ordren blei sjølvsgagt imøtekomen. Kjøparen (sonen) som hadde to førenamn og to etternamn, nemleg Kjell Eugenio Laugerud Garcia, blei seinare, frå 1974 til 1978, president i Guatemala. For nokre år sidan var det eit TV-program, der den halvt norskætta presiden-ten (og kunden) fortalde om livet sitt.



Tegle & Sønner på Hannover-messa i 1971.



Afrikanske kunder på Bryne. T.h er Noah Osai som saman med kollegaen frå Accra i Ghana budde på Jæren i ein periode for å få opplæring.

I USA var det sal av maskinar i 7–8 statar. Hovud-representanten heldt til i Rockford nær Chicago. Han, Ray Reinartsen, var norskætta, og hadde også jær-buar blant kjenningane sine. Han var dyktig, og kom til å endra namnet på firmaet sitt frå Sterling Machinery Sales til Viking Machinery Sales.¹⁾

Firmaet hans hadde ansvaret for ein stor maskin-utstilling i Louisville, der fleire maskinar frå Bryne var med. USA var eit av dei beste salsområda. Nære på 250 maskinar fant vegen til USA. Omtrent like mange gjekk til Canada, der salsrepresentanten i Van-couver, Tom Gulbrandsen (også norskætta), var umå-teleg aktiv. Både Reinhartsen og Gulbrandsen vitja Norge.

Islandingane fekk og snusen av maskinar frå Tegle & Sønner. Fleire maskinar vart selde til Sagaøya. Islandingane kom på vitjing når dei ville handla. Dei var, som me veit, opptekne av litteratur. Eit par gong-er måtte dei køyrast til Garborgheimen og Knudaheio. Ein annan gong nemnde ein av dei at Eirik Raude, far til Island sin store son Leiv Eiriksson, skulle ha kome frå Jæren. Då det vart svara at Eirik Raude sannsyn-legvis ætta frå Yksna-Tore, måtte turen leggjast både om Øvre og Nedre Øksnevad, utan at det var mogleg å syna nærare kor Yksna-Tore hadde budd.

I 1975 byrja dei store maskinfabrikantane i Tysk-land og Italia å koma med maskinar som hadde sær-s avanserte løysingar, der fleire arbeidsoperasjonar vart gjort under eitt. Denne utviklinga let det seg ikkje gje-ra å vera med på, og etter kvart måtte ein redusera arbeidsstokken, og konsentrera seg åleine om produk-sjon av utstyr tilpassa bygningsindustrien. I dei siste åra blei det levert mange takstolpresser, kapputstyr for treverk til takstolar, og utstyr til bruk ved lifting av hus og hytter.

¹⁾ TV-programmet blei sendt i reprise på TV2 i oktober 2002.

Avslutning

Det kan kallast eit industrieventyr, når ein liten maskinfabrikk på Jæren konstruerte så mange nye og nyttige maskinar, og elles nådde så langt ut med pro-dukta sine, som Tegle & Sønner, Maskinfabrikk gjorde. Men alt har sin ende, om ikkje alltid med den same lukka som i eventyra. Etter 50 års drift var ein kome til 1991–92, og då var det slutt. Arkivet syner at det i dei 50 åra vart levert i alt 9872 maskinar. I gjennom-snitt vert det årleg 197 maskinar.

Maskinane hadde, utan unntak, eit godt omdøme for sin gjennomtenkte og solide konstruksjon. Dei hadde ein framifrå formgjeving og var tiltalande å sjå på. Fleire av maskinane gjorde arbeidsoperasjonar ingen før hadde tenkt seg. Marknaden hadde stor tiltru til maskinane frå Tegle & Sønner. Det er eit godt ettermæle å ha, at ingen som har arbeidd ved bedrifta, kjenner til nokon reklamasjon.

Ein kan gjerne spørja: Kven var krumtappen? Skal nokon framhevast, kjem ein ikkje bort frå at han far sjølv, Andreas Tegle d.e., som var ein heller taus mann, hadde teknisk givnad langt over gjennomsnit-tet. Det forringar ikkje innsatsen til dei to sønene om ein meiner, at utan senior ville dei knapt ha kome så langt.

Eit velfortent minne som Andreas Tegle d.e. let etter seg, er dei praktfulle 7-arma lysestakane som står ved alteret i Heskestad kyrkje, og som han laga i 1967.